Kvartalsrekneskap pr 30.09.2026

Luster Sparebank



Innholdsfortegnelse

Viktige tal per 30.09.2026 3

Melding frå styret 4
- Resultat 4
- Balansen 4
- Misleghald, tapsnedskrivingar og tap 5
- Kapitaldekning 5
- Utsiktene for resten av året 6

Rekneskap 7
- Resultatrekneskap 7
- Balanse 8
- Resultatanalyse 9
- Nøkkeltal 9
- Eigenkapital 10

Noter 11
- Note 1 Rekneskapsprinsipp 11
- Note 2 Utlån til kundar 11
- Note 3 Verdipapir 14
- Note 4 Innskot frå kundar fordelt på sektor og næring 16
- Note 5 Innlån frå kredittinstitusjonar og finansmarknaden 16
- Note 6 Ansvarlig kapital og kapitalkrav 18

Viktige tal per 30.09.2026

Totalresultat (mill. kr)
kr 55,7

Forretningskapital (mill. kr)
kr 6 497,8

Rentenetto
2,26 %

Kostnadsprosent (eks. verdipapir)
45,85 %

Ek-avkastning etter skatt
8,44 %

Utlånsvekst inkl. overf. til Verd (12-måneders vekst)
9,35 %

Innskotsvekst (12-måneders vekst)
5,55 %

Rein kjernekapitaldekning
29,58 %

Melding frå styret

Resultat

Luster Sparebank legg fram eit resultat for perioden 01.01.2026 – 30.09.2026 på kr 55,7 mill. Tilsvarande resultat for same periode i fjor var kr 54,2 mill. Banken har pr. 30.09.2026 oppnådd ein rentenetto på kr 89,5 mill. Rentenettoen utgjer i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital (gfk) 2,26 %. På same tidspunkt i fjor var rentenettoen på kr 90,3 mill., tilsvarande 2,42 % av gfk.

Rentenetto er redusert samanlikna med fjoråret. Det er fleire årsaker til dette. Konkuransen om utlånskundane er høg, og dette påverkar rentenettoen. Norges Bank reduserte styringsrenta med 0,25 %-poeng to gonger i 2025. Til saman vart styringsrenta redusert med 0,5 %-poeng frå 4,5 % i januar 2025 til 4 % i september 2025. I 2026 har Norges Bank satt opp styringsrenta med 0,25 %-poeng på mai-møtet og igjen med 0,25-poeng % på september-møtet. Men i snitt var styringsrenta høgare i perioden januar-september 2025 enn den har vore i perioden januar – september 2026. Luster Sparebank har høg innskotsdekning og høg eigenkapital. Denne samansetnaden av balansen gjer at rentenettoen går ned når styringsrenta går ned.

Netto andre driftsinntekter er på kr 36,6 mill. pr. 30.09.2026, ein auke på kr 6,0 mill. samanlikna med 30.09.2025. Hovudårsaka er god verdiutvikling på banken si aksjeporteføljе som følgje av transaksjonar i ein aksje der Luster Sparebank har eigarpostar. Dette gjer at Luster Sparebank må skrive opp verdien på denne posten.

Samla driftskostnader har auka med kr 4,1 mill. samanlikna med fjoråret. Bemanning har auka med ca. 2 årsverk. Dette har mellom anna styrka banken sin innsats mot svindel og kvitvasking, men bidreg saman med lønstillegg til å auka personalkostnadane. Banken sine IT-kostnadar har auka. I tredje kvartal har ein gjennomført oppgradering og vedlikehald av Luster Sparebank sine lokale. Vedlikehaldsdelen av dette er kostnadsført under andre driftskostnader.

Kostnadsprosenten (eksklusiv verdiendring på verdipapir) pr 30.09.2026 er på 45,85 %. På same tidspunkt i fjor var kostnadsprosenten på 42,02 %. Auken i kostnadsprosent skuldas lågare rentenetto og høgare kostnader.

Under tap er det kostnadsført kr kr 2,0 mill. I fjor vart det kostnadsført eit tap på kr kr 2,8 mill.

Resultat etter skatt pr 30.09.2026 på kr 55,7 mill. gir ein eigenkapitalrentabilitet etter skatt på 8,44 %. På same tidspunkt fjor var resultat etter skatt på kr 54,2 og eigenkapitalrentabiliteten etter skatt var på 8,89 %. Sjølv om resultatet er betre enn i fjor er eigenkapitalrentabiliteten redusert. Dette er fordi eigenkapitalen har auka.

Balansen

Banken sin forvaltningskapital pr. 30.09.2026 er på kr 5 441,9 mill. Forvaltningskapitalen har auka med kr 279,5 mill. (5,41 %) siste 12 månadar. Forretningskapitalen som også inkluderer lån overført til Verd

Boligkreditt AS, er pr. 30.09.2026 på kr 6 497,8 mill. Veksten i forretningskapital siste året er på kr 450,4 mill. (7,45 %).

Brutto utlån til kundar på eigen balanse er bokført med kr 4 362,6 mill. Veksten siste 12 månader er på kr 292,5 mill. eller 7,19 %. Banken har pr. 30.09.2026 overført kr 1 055,9 mill. til Verd Boligkreditt AS. På same tidspunkt i fjor hadde banken overført kr 885,0 mill. Samla utlån inkludert overførte lån til Verd Boligkreditt AS har dermed auka med kr 463,4 mill. eller 9,35 % dei siste 12 månadane. Utlånsvolum på eigen balanse pr. 30.09.2026 er fordelt med 29,20 % til næringskundar, 0,10 % til offentleg sektor/finans og 70,70 % til personmarknadskundar. På same tidspunkt i fjor var tilsvarande fordeling 26,90 % til næringskundar, 0,36 % til offentleg sektor/finans og 72,74 % til personmarknadskundar. Innskot frå kundar er bokført med kr 4 214,6 mill. Veksten siste året er på kr 221,8 mill. eller 5,55 %. Banken sin innskotsdekning pr 30.09.2026 er på 96,61 % . Banken har utestående obligasjonslån for kr 276,2 mill.

Misleghald, tapsnedskrivingar og tap

Misleghaldne og tapsutsette engasjement utlån utgjer kr 76,2 mill. pr. 30.09.2026. Dette er ein auke med kr 20,1 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Samla tapsnedskrivingar pr 30.09.2026 er på kr 30,5 og har auka med kr 2,2 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor.

Luster Sparebank har ein nøktern risikoprofil i si kredittgjeving og andre plasseringar. Banken har ikkje endra kredittrisikoprofil så langt i 2026.

Kapitaldekning

Det har i 2026 vore innført fleire innstrammingar i regelverket for berekning av kapitaldekning (CRR3). Frå 1. januar 2026 vart risikovekta på aksjeeksponeringar som hovudregel auka frå 100 % til 130 %. Dette har ført til ein marginal reduksjon i banken si kapitaldekning.

Den 12. august 2026 kunngjorde Finanstilsynet at dei legg EBA sine retningslinjer for diversifisering av massemarknadsporteføljar til grunn. Dette inneber at massemarknadsporteføljen vert snevra inn, noko som samla sett aukar banken sitt berekningsgrunnlag og reduserer kapitaldekninga. Utrekningar syner at denne endringa isolert sett reduserte den reine kjernekapitaldekninga med om lag 0,94 prosentpoeng, frå 30,52 % til 29,58 % per tredje kvartal 2026.

Per 30.09.2026 hadde banken ein ansvarleg kapital på 736,0 mill. kroner. Heile den ansvarlege kapitalen er rein kjernekapital. Med eit berekningsgrunnlag på 2.488,3 mill. kroner gav dette ei rein kjernekapitaldekning på 29,58 %. Resultatet hittil i år er ikkje teke med i utrekninga av kapitaldekninga, då rekneskapen ikkje er revidert. Dersom resultatet per 30.09.2026 hadde vore inkludert i ansvarleg kapital, ville den reine kjernekapitaldekninga vore 31,72 %.

Luster Sparebank rapporterer også kapitaldekning på konsolidert nivå. På konsolidert nivå inngår banken sine eigardelar i dei samarbeidande finansinstitusjonane Brage Finans AS og Verd Boligkreditt AS. Etter konsolidering hadde Luster Sparebank ei rein kjernekapitaldekning på 26,89 %, ei kjernekapitaldekning på 27,27 % og ansvarleg kapitaldekning på 27,76 %.

Utsiktene for resten av året

Luster Sparebank leverer eit godt resultat pr 30.09.2026. Det er gledeleg å registrera at banken sitt løysingsforslag til kundane står seg godt gjennom god kundevekst, samstundes som banken sin finansielle stilling er svært solid.

Prisveksten i norsk økonomi er over målet, og Norges Bank har heva styringsrenta to gonger så langt i 2026. Styringsrenta kan verta sett ytterlegare opp i løpet av dei kommande månadane. Eit høgare rentenivå medfører høgare netto renteinntekter hjå bankane. Samstundes er konkurransesituasjonen i bankmarknaden svært sterk og bidreg til å redusera denne effekten.

Det er framleis stor uvisse kring den økonomiske utviklinga frametter. Geopolitisk uro, høg statsgjeld og uvisse kring kor berekraftig denne er i mange land, samt teknologiske endringar med påfølgjande massive investeringar i ny teknologi, er sentrale faktorar som påverkar både internasjonal og norsk økonomi. Styret vurderer at banken gjennom sitt lokal nærvær, tette dialog med kundane, nøkterne risikoprofil og låge eksponering mot kapitalmarknadane, er godt tilpassa situasjonen. Med kunden i fokus og sterkt fokus på effektiv drift skal banken framleis vere ein føretrekt leverandør av finansielle tenester.

Kredittveksten i norsk økonomi er framleis på eit moderat nivå. Det er samstundes sterk konkurranse mellom bankane. Det er gledeleg å registrera at banken sitt løysingsforslag til kundane står seg godt gjennom god vekst, og at banken leverer eit godt økonomisk resultat. På same tid er den underliggjande kostnadsveksten høg og gir saman med sterk konkurranse press på bankane si inntening. Med sterkt fokus på kostnadskontroll og kunden i fokus meiner styret at banken framleis skal levera gode økonomiske resultat og vera ein føretrekt leverandør av finansielle tenester også frametter.

Gaupne, 30. oktober 2026

I styret for Luster Sparebank

Svein Ove Slinde Styreleiar	Tom Dyrdal	Gry Høyheim
Andrea Lomheim	Thomas Dalsøren Tilsett representant	Jermund Lien Molland Banksjef

Rekneskap

Resultatrekneskap

(Tal i heile 1.000)	Note	30.09.26	30.09.25	Q3 26	Q3 25	31.12.25
Renteinntekter og liknande inntekter		195 367	196 048	69 326	65 995	260 610
Rentekostnader og liknande kostnader		105 881	105 734	37 896	35 287	139 916
Netto renteinntekter		**89 486**	**90 314**	**31 430**	**30 708**	**120 693**
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester		14 028	13 329	4 539	4 889	20 027
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester		-1 812	-1 894	-672	-662	-2 342
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument		8 189	8 392	179	0	9 236
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og		0				
finansielle instrument		16 240	10 793	10 135	1 249	17 604
Andre driftsinntekter		4	35	0	0	146
Netto andre driftsinntekter		**36 649**	**30 655**	**14 181**	**5 476**	**44 671**
Løn og andre personalkostnader		22 144	20 606	8 630	7 896	29 461
Andre driftskostnader		27 614	25 266	8 413	7 851	33 699
Ordinære avskrivingar		624	428	213	43	628
Sum driftskostnader		**50 382**	**46 300**	**17 256**	**15 790**	**63 788**
Tap på utlån, garantiar o.l.	2	**1 972**	**2 772**	**1 729**	**349**	**5 665**
Resultat før skatt		**73 781**	**71 897**	**26 626**	**20 045**	**95 911**
Skattekostnad		**18 445**	**17 990**	**6 635**	**5 027**	**20 684**
Resultat før andre inntekter og kostnader		**55 336**	**53 907**	**19 991**	**15 018**	**75 227**
Utvida resultat						
Andre inntekter og kostnader		323	266	87	161	1 177
Totaltresultat		**55 659**	**54 173**	**20 078**	**15 179**	**76 404**

Balanse

EIGENDELER	Note	30.09.26	30.09.25	31.12.25
Kontantar og fordringar på sentralbankar		85 038	82 059	80 825
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar			0	
og finansieringsforetak		266 287	293 356	321 427
Utlån til og fordringar på kundar	2	4 332 103	4 041 791	4 003 615
Renteberande verdipapir	3	317 575	262 949	262 884
Obligasjons- og pengemarknadsfond	3	206 213	248 961	221 766
Aksjar, aksjefond og eigenkapitalbevis	3	207 012	205 552	209 065
Varige driftsmidlar		7 803	7 981	7 900
Eigendeler ved utsatt skatt		3 598	3 702	3 598
Andre eigendeler		16 229	16 038	21 064
SUM EIGENDELER		**5 441 858**	**5 162 389**	**5 132 144**

GJELD OG EIGENKAPITAL				
Innlån frå kredittinstitusjonar og				
finansieringsforetak	5	0	80 234	80 241
Innskot og andre innlån frå kundar	4	4 214 587	3 992 814	4 007 724
Gjeld stifta ved å utstede verdipapir	5	276 151	206 169	135 703
Anna gjeld		13 864	9 400	16 797
Avsetningar		30 517	36 979	35 970
Sum gjeld		**4 535 119**	**4 325 596**	**4 276 435**
Sum eigenkapital		**906 739**	**836 793**	**855 709**
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		**5 441 858**	**5 162 389**	**5 132 144**

POSTAR UTANFOR BALANSEN				
Garantiansvar	`	40 662	55 660	55 259
Pantsetjingar		302 504	251 519	251 338
Lån overført til Verd Boligkreditt AS		1 055 920	884 967	982 040
Gjennomsnitleg forvaltningskapital		5 291 097	4 981 660	5 021 937

Resultatanalyse

(i prosent av gjennomsnitleg forvaltningskapital)	30.09.2026	30.09.2025	31.12.2025
Renteinntekter og liknande inntekter	4,94 %	5,26 %	5,19 %
Rentekostnader og liknande kostnader	2,68 %	2,84 %	2,79 %
Netto renteinntekter	**2,26 %**	**2,42 %**	**2,40 %**
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	0,35 %	0,36 %	0,40 %
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-0,05 %	-0,05 %	-0,05 %
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument	0,21 %	0,23 %	0,18 %
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument	0,41 %	0,29 %	0,35 %
Andre driftsinntekter	0,00 %	0,00 %	0,00 %
Netto andre driftsinntekter	**0,93 %**	**0,82 %**	**0,89 %**
Løn og andre personalkostnader	0,56 %	0,55 %	0,59 %
Andre driftskostnader	0,70 %	0,68 %	0,67 %
Ordinære avskrivningar	0,02 %	0,01 %	0,01 %
Sum driftskostnader før tap på utlån	**1,27 %**	**1,24 %**	**1,27 %**
Tap på utlån, garantiar o.l.	0,05 %	0,07 %	0,11 %
Driftsresultat før skatt	1,86 %	1,93 %	1,91 %
Skattekostnad	0,47 %	0,48 %	0,41 %
Resultat etter skatt	**1,40 %**	**1,45 %**	**1,50 %**
Utvida resultat			
Andre inntekter og kostnader	0,01 %	0,01 %	0,02 %
Totaltresultat	**1,41 %**	**1,45 %**	**1,52 %**

Nøkkeltal

NØKKELTAL	30.09.2026	30.09.2025	31.12.2025
Rentabilitet og effektivitet			
EK-avkastning etter skatt	8,44 %	8,89 %	9,17 %
Kostnadsprosent eksklusiv verdiendring verdipapir	45,85 %	42,02 %	43,17 %
Kostnadsprosent inkludert verdiendring verdipapir	39,94 %	38,28 %	38,57 %
Soliditet			
Eigenkapital i % av forvaltningskapital	16,66 %	16,21 %	16,67 %
Konsolidert rein kjernekapitaldekning	26,89 %	27,38 %	29,53 %
Konsolidert kjernekapitaldekning	27,27 %	28,86 %	29,92 %
Konsolidert kapitaldekning	27,76 %	28,44 %	30,40 %
Konsolidert uvekta kjernekapital	12,20 %	11,97 %	13,32 %
Vekst siste 12 månader			
Vekst i utlån på eigen balanse	7,19 %	3,88 %	3,53 %
Vekst i utlån inkludert overføring til kredittforetak	9,35 %	3,62 %	3,73 %
Vekst i innskot	5,55 %	10,46 %	8,94 %
Vekst i forvaltning	5,41 %	8,66 %	6,71 %
Vekst i forvaltning inkludert overføring til kredittforetak	7,45 %	7,70 %	6,36 %
Likviditet			
Innskotsdekning	96,61 %	98,10 %	99,32 %
Innskotsdekning inkludert lån overført til kredittforetak	77,78 %	80,58 %	79,88 %
LCR	217,13 %	348,71 %	195,05 %
NSFR	139,82 %	135,50 %	137,72 %

Eigenkapital

(Tal i heile 1.000)	Udisponert resultat	Fond for urealiserte gevinster	Bankens fond	Gavefond	Sum eigen-kapital
Eigenkapital pr. 31.12.2024	**0**	**63 270**	**694 046**	**27 901**	**785 217**
Resultat før andre inntekter og kostnader	0	5 521	69 707	0	75 228
Poster ført over andre inntekter og kostnader	0	0	1 177	0	1 177
Avsetnad til gåver	0	0	-7 000	7 000	0
Gåver utdelt av styret i 2025	0	0	0	-5 913	-5 913
Eigenkapital pr. 31.12.2025	**0**	**68 791**	**757 930**	**28 987**	**855 709**
Resultat før andre inntekter og kostnader	55 336	0	0	0	55 336
Poster ført over andre inntekter og kostnader	323	0	0	0	323
Avsetnad til gåver	0	0	0	0	0
Gåver utdelt av styret så langt i 2026	0	0	0	-4 629	-4 629
Eigenkapital pr. 30.09.2026	**55 659**	**68 791**	**757 930**	**24 358**	**906 739**

Noter

Note 1 Rekneskapsprinsipp

Rekneskap er utarbeida i samsvar med IAS 34 Delårsrapportering og IFRS som fastsett i "Forskrift om årsregnskap for banker, kredittforetak og finansieringsforetak". Delårsrekneskap er ikkje revidert.

Banken vil unnlate å gi følgjande noteopplysningar etter IFRS:
1) IFRS 13. Det blir istaden gitt opplysningar om verkeleg verdi i samsvar med forskriften § 7-3.

2) IFRS 15.113-128

3) IAS 19.135 litra c og IAS 19.145-147.

Delårsrekneskap er utarbeida i samsvar med gjeldande IFRS-standarder og IFRIC-tolkningar. Delårsrekneskapet omfattar ikkje all informasjon som blir krevd i eit fullstending årsrekneskap. Ein bør difor lese delårsrekneskap og siste årsrekneskap i samanheng.

Viktige rekneskapsestimat og skjønnsmessige vurderingar

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med generelt aksepterte rekneskapsprinsipp krev at leiinga i ein del tilfeller må ta forutsetningar og må nytte estimat og skjønnsmessige vurderingar.

Estimat og skjønsmessige vurderingar blir evaluert løpande og er basert på historiske erfaringar og

forutsetnader om framtidige hendingar som blir vurdert som sansynlege på tidspunkt for utarbeiding av balansen. Det er knytta usikkerhet til dei forutsetningar og forventningar som ligg til grunn for anvendte estimat og skjønnsmessige vurderingar. I årsrekneskap for 2025 er det redegjort nærmare for kritiske estimat og vurderingar vedrørande bruk av rekneskapsprinsipp.

Alle tall er i kr 1.000 om ikkje anna er oppgitt.

Note 2 Utlån til kundar

Fordeling av brutto utlån til kundar fordelt på trinn

	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Sum
Inngåande balanse 01.01.2026	**3 255 447**	**708 305**	**71 351**	**4 035 103**
Overført til trinn 1	138 565	-135 917	-2 648	0
Overført til trinn 2	-210 676	213 332	-2 656	0
Overført til trinn 3	0	-13 784	13 784	0
Netto endring	-64 134	-20 715	-8 003	-92 853
Nye lån	1 069 002	107 155	8 204	1 184 361
Frårekna lån	-610 802	-145 084	-8 133	-764 019
Utgåande balanse 30.09.2026	**3 577 402**	**713 292**	**71 899**	**4 362 592**

	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Sum
Inngåande balanse 01.01.2025	**3 309 817**	**518 058**	**69 627**	**3 897 503**
Overført til trinn 1	78 062	-74 432	-3 630	0
Overført til trinn 2	-189 659	189 659	0	0
Overført til trinn 3	-117	-348	465	0
Netto endring	-97 191	12 103	-1 490	-86 579
Nye lån	880 262	90 268	288	970 818
Frårekna lån	-626 266	-76 161	-9 220	-711 647
Utgåande balanse 30.09.2025	**3 354 908**	**659 147**	**56 040**	**4 070 095**

Utlån til kundar fordelt på sektor og næring	30.09.2026	30.09.2025	31.12.2025
Personkundar	3 084 311	2 960 648	2 905 610
Offentleg sektor	2 522	11 389	10 192
Finans og andre sektorar	1 829	3 365	3 106
Næring			
- Primærnæring	191 902	174 360	185 610
- Skogbruk og tlknytta tenester	1 012	1 747	1 714
- Bergverksdrift og utvinning m.m	1 764	2 421	1 382
- Industri	18 524	37 434	35 043
- Kraftproduksjon	31 207	33 890	33 040
- Vannforsyning, avløp og renovasjon	160	0	0
- Utvikling byggeprosjekt	43 208	20 719	43 454
- Bygg og anlegg	78 021	80 837	81 501
- Handel	41 356	42 934	42 828
- Hotell og resturantdrift	50 087	50 957	47 256
- Transport	26 071	26 299	21 578
- Eigedomsdrift	672 792	529 690	528 546
- Informasjon og kommunikasjon	73 023	50 571	51 780
- Fagleg og finansielle tenesteytande	5 134	7 290	6 982
- Forretningsmessig tenesteytande	4 359	4 995	4 898
- Tenesteytande næringar ellers	35 309	30 549	30 583
Sum utlån før nedskrivingar	**4 362 591**	**4 070 095**	**4 035 103**
Trinn 1 nedskrivingar	-6 287	-5 543	-5 797
Trinn 2 nedskrivingar	-5 637	-5 360	-5 649
Trinn 3 nedskrivingar	-18 565	-17 401	-20 042
Sum utlån til og fordringar på kundar	**4 332 103**	**4 041 791**	**4 003 615**
Overført til Verd Boligkreditt AS	1 055 920	884 967	982 040
Totale utlån	**5 388 022**	**4 926 758**	**4 985 655**

Kredittforringa engasjement

Engasjement som har vore misleghaldne i meir enn 90 dagar	30.09.2026	30.09.2025	31.12.2025
Misleghald næringlivskundar	39 491	29 962	33 935
Misleghald personkundar	3 291	405	5 538
Brutto misleghaldne engasjement	**42 782**	**30 367**	**39 473**
Trinn 3 nedskrivingar og avsetningar	-6 817	-8 964	-12 800
Netto misleghaldne engasjement	**35 965**	**21 403**	**26 673**

Engasjement som er tapsutsett men ikkje misleghaldne	30.09.2026	30.09.2025	31.12.2025
Brutto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	33 431	25 762	32 722
Trinn 3 nedskrivingar og avsetningar	-13 673	-8 467	-7 272
Netto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	**19 758**	**17 295**	**25 450**

Kreditttap på utlån, garantiar og unytta kredittrammer til kundar

	Trinn 1 Modellbasert 12 mnd. Tap	Trinn 2 Modellbasert livstid tap	Trinn 3 Modellbasert livstid tap	Trinn 3 Individuelt vurdert	Sum nedskrivingar
Nedskrivingar og avsetningar Inngåande balanse 01.01.2026	**8 299**	**5 957**	**236**	**19 836**	**34 328**
Overføringar:					
Overført til trinn 1	598	-595	-3	0	**0**
Overført til trinn 2	-570	583	-13	0	**0**
Overført til trinn 3	0	-149	149	0	**0**
Netto endring	-658	722	1 518	-1 471	**111**
Nye tap	3 551	721	-1 462	3 918	**6 728**
Frårekna tap	-1 998	-1 547	-194	-3 903	**-7 642**
Endring i risikomodell/parmetre	0	0	0	0	**0**
Andre endringar	0	0	0	0	**0**
Utgåande balanse 30.09.2026	**9 222**	**5 692**	**231**	**18 380**	**33 525**
Verdijustert over andre inntekter kostnader	2 041	0	0	0	**2 041**
Sum nedskrivingar og avsetningar pr 30.06.2026	**7 181**	**5 692**	**231**	**18 380**	**31 484**
Konstatert tap	0	0	0	1 396	**1 396**
Inngått på tidligare konstaterte tap	0	0	0	-33	**-33**
Nedskrivingar på balansef. utlån til kundar	6 287	5 637	185	18 380	30 489
Avsetningar på garantiar og unytta kredittar til kundar	894	55	46	0	995
Sum nedskrivingar/avsetningar 30.09.2026	**7 181**	**5 692**	**231**	**18 380**	**31 484**

Resultatførte tap på utlån, kredittar og garantiar	30.09.2026	30.09.2025	31.12.2025
Endring i nedskrivingar og avsetningar i trinn 1 og 2	657	1 366	1 667
Endring i nedskrivingar og avsetningar i trinn 3	-48	1 213	4 288
Konstaterte tap med tidlegare nedskriving	1 343	0	21
Konstaterte tap utan tidlegare nedskrivingar	53	231	10
Inngang på tidlegare konstaterte tap	-33	-38	-321
Sum resultatførte tap på utlån, kredittar og garantiar	**1 972**	**2 772**	**5 665**

Note 3 Verdipapir

Denne noten gir informasjon om kva metode som blir nytta til å måle banken sine verdipapir. Banken sine verdipapir blir delt inn i tre grupper eller nivå.

Nivå 1

Verdipapira i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av observerbare marknadsverdiar. Banken verdsetter børsnoterte aksjar og fond etter denne metoden

Nivå 2

Verdipapir i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av verdsetjingsteknikkar der forutsetningane er basert direkte eller indirekte på observerbare marknadsdata.

Nivå 3

Verdipapir i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av vurderingar der observerbare marknadsdata ikkje inngår. For dei fleste av verdipapira i denne gruppa har banken verdsett verdipapira til banken sin andel av den bokførte eigenkapitalen i selskapa.

Verdipapir pr 30.09.2026	Antall	Verkeleg verdi	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3
Obligasjonar		**317 575**	**0**	**317 575**	**0**
Obligasjons og pengemarkedsfond					
Pengemarkedsfond					
DNB Likviditet	41 160	42 847	42 847	0	0
Borea Likviditet	71 301	72 023	72 023	0	0
Storebrand Likviditet	6 775	70 162	70 162	0	0
Obligasjonsfond					
Borea Fondsobligasjon A	100 000	10 505	10 505	0	0
Borea Nordic High Yield A	100 000	10 676	10 676	0	0
Sum obligasjons og pengemarknadsfond		**206 213**	**206 213**	**0**	**0**
Borea Nordisk Utbytte N	59 377	8 884	8 884	0	0
Sum aksjefond		**8 884**	**8 884**	**0**	**0**
Aksjar og grunnfondsbevis					
Balder Betaling AS	234 705	9 448	0	0	9 448
Brage Finans AS	2 097 044	71 094	0	0	71 094
Eiendomskreditt AS	99 222	15 379	0	0	15 379
Frende Holding AS	40 986	32 330	0	0	32 330
Frende Kapitalforvaltning AS	333	3 801	0	0	3 801
Frendegruppen AS	249	25	0	0	25
LB Selskapet AS	200	200	0	0	200
Lerum Brygge AS	4 000	189	0	0	189
Luster Energiverk AS	1 409	18 317	0	0	18 317
Norne Securities AS	125 259	1 119	0	0	1 119
Spama	200	340	0	0	340
Verd Boligkreditt AS	40 089	42 593	0	0	42 593
Visa		218	0	0	218
Kredittforeningen for Sparebanker	460	628	0	0	628
Sogn Sparebank	7 600	2 354	2 354	0	0
Andre aksjer		93	0	0	93
Sum aksjar og grunnfondsbevis		**198 128**	**2 354**	**0**	**195 774**
Sum verdipapir		**730 800**	**217 451**	**317 575**	**195 774**
Avstemming nivå 3					
Inngåande balanse 01.01					197 896
Realisert vinst/tap					-182
Urealisert vinst/tap ført mot resultatet					3 955
Urealisert vinst/tap ført mot utvida resultat					0
Investering					4 381
Salg					-10 276
Utgåande balanse					**195 774**

Note 4 Innskot frå kundar fordelt på sektor og næring

	30.09.26	30.09.25	31.12.25
Lønstakarar	3 063 267	2 916 453	2 933 439
Offentleg sektor	184 916	168 104	197 332
Finans og andre sektorar	134 594	128 667	123 947
Næring			
- Jordbruk og tilknytta tenester	85 431	73 245	72 252
- Skogbruk og tlknytta tenester	15	67	14
- Bergverksdrift og utvinning m.m	357	217	588
- Industri	22 048	30 295	27 619
- Kraftproduksjon	133 333	135 801	122 737
- Vannforsyning, avløp og renovasjon	2 268	2 352	2 245
- Utvikling av byggeprosjekter	14 892	4 322	4 984
- Bygg og anleggsverksend ellers	117 076	110 107	113 773
- Varehandel og reparasjon av motorvogner	45 584	47 479	43 268
- Transport og lagring	13 461	11 134	11 229
- Hotell og resturantdrift	68 672	59 045	41 940
- Informasjon og kommunikasjon	16 268	10 562	10 611
- Omsetnad og drift av fast eigendom	154 105	155 609	163 527
- Fagleg tjenesteyting	59 338	43 351	40 723
- Forretningsmessig tjenesteyting	29 907	36 743	32 837
- Tjenesteyting ellers	69 055	59 261	64 659
Sum innskot	**4 214 587**	**3 992 814**	**4 007 724**

Note 5 Innlån frå kredittinstitusjonar og finansmarknaden

Innlån frå kredittinstitusjonar

Innlåna er prisa til 3M Nib + margin

	Opptak	Forfall	Margin	30.09.26	30.09.25	31.12.25
Kredittforeningen for Sparebanker	29.10.2021	03.02.2026	0,52 %	0	30 000	30 000
Kredittforeningen for Sparebanker	12.03.2024	28.09.2026	0,75 %	0	50 000	50 000
Sum gjeld til kredittinsitusjonar nominell verdi				0	80 000	80 000
Påløpte renter				0	234	241
Sum gjeld til kredittinsitusjonar bokført verdi				**0**	**80 234**	**80 241**

Gjeld stifta ved å utstede verdipapir

Obligasjonar er prisa til 3M Nib + margin

ISIN-nr	Opptak	Forfall	Margin	30.09.26	30.09.25	31.12.25
NO0011150534	11.11.2021	11.11.2025	0,51 %	0	70 000	0
NO0010993033	04.05.2021	04.05.2026	0,61 %	0	60 000	60 000
NO0013643767	04.09.2025	04.09.2028	0,54 %	75 000	75 000	75 000
NO0013726323	12.02.2026	12.02.2029	0,47 %	100 000	0	0
NO0013756866	26.06.2026	11.12.2029	0,52 %	100 000	0	0
Obligasjonslån nominell verdi				275 000	205 000	135 000
Tilbakekjøpte obligasjoner				0	0	0
Påløpte renter				1 269	1 225	747
Over/underkurs				-118	-56	-44
Bokført verdi av gjeld stifta ved å utstede verdipapir				**276 151**	**206 169**	**135 703**

Endring i verdipapirgjeld

Endring i verdipapirgjeld	30.09.26	30.09.25	31.12.25
Bokført verdi av verdipapirgjeld 01.01	135 703	211 048	211 048
Opptak av nye lån i perioden	200 000	75 000	75 000
Forfalte eller innløyste lån i perioden	-13 000	-80 000	-150 000
Innbetaling pålydande eigne obligasjonar	0	0	0
Tilbakekjøp pålydnade eigne obligasjonar	-47 000	0	0
Endring over/underkurs	-74	-15	-3
Endring påløpte renter	522	136	-342
Bokført verdi av verdipapirgjeld ved utgang av perioden	**276 151**	**206 169**	**135 703**

Note 6 Ansvarlig kapital og kapitalkrav

	30.09.26	30.09.25	31.12.25
Eigenkapital	906 739	836 792	855 709
- Fradrag for resultat fordi rekneskap ikkje er revidert	-55 659	-54 173	0
- Frådrag	-107 401	-118 318	-124 275
Sum ansvarleg kapital (rein kjernekapital)	**736 014**	**664 301**	**731 434**
Engasjementskategoriar (vekta beløp)			
Lokale og regionale myndigheiter (kommunar)	24 484	7 254	7 253
Institusjonar	55 024	57 490	63 170
Foretak	0	0	0
Massemarked	389 507	495 449	512 902
Engasjement med pantetrygd i eigedom	0	0	0
Forfalte engasjementer	60 951	41 094	53 481
Høgrisiko-engasjement	0	0	0
Obligasjonar med fortrinnsrett	15 784	10 881	10 881
Andeler i verdipapirfond	73 644	91 511	132 627
Eigenkapitalposisjonar	104 278	211 404	94 911
Øvrige engasjement	26 594	20 423	20 386
Foretak u/ kortsiktig kredittvurdering, ekskl. spesialiserte utlån	118 266	127 894	125 981
Ikke inntektsgenererende boligeiendom (sikret)	394 421	289 506	393 185
Ikke inntektsgenererende boligeiendom (usikret)	267 396	76 018	91 277
Inntektsgenererende boligeiendom	253 076	165 069	153 383
Ikke inntektsgenererende næringseiendom (sikret)	77 527	67 383	80 854
Ikke inntektsgenererende næringseiendom (usikret)	68 525	74 573	75 748
Inntektsgenererende næringseiendom	204 093	189 660	196 838
Anskaffelse, utvikling og bygging	123 058	45 973	30 407
Eksponeringer i ansvarlig lånekapital	7 084	0	15 055
Sum berekningsgrunnlag for kredittrisiko	**2 263 712**	**1 971 580**	**2 058 339**
Berekningsgrunnlag operasjonell risiko etter basismetoden	**224 900**	**241 084**	**241 084**
Sum berekningsgrunnlag	**2 488 319**	**2 212 665**	**2 299 424**
Rein kjernekapitaldekning	29,58 %	30,02 %	31,81 %
Kjernekapitaldekning	29,58 %	30,02 %	31,81 %
Ansvarleg kapitaldekning	29,58 %	30,02 %	31,81 %
Uvekta kjernekapital	13,43 %	12,87 %	14,22 %

Konsolidering av samarbeidande grupper

Frå 01.01.2018 skal alle bankar rapportere kapitaldekning konsolidert med eigarandel i samarbeidsgrupper. I tredje kvartal 2026 har banken ein eigarandel på 2,55% i Verd Boligkreditt AS og 1,48 % i Brage Finans AS.

	30.09.26	30.09.25	31.12.25
Konsolidert rein kjernekapital	835 943	766 941	815 913
Konsolidert kjernekapital	847 851	780 255	826 697
Konsolidert ansvarleg kapital	863 192	796 638	839 766
Konsolidert beregningsgrunnlag	**3 109 027**	**2 804 908**	**2 762 586**
Konsolidert rein kjernekapitaldekning	26,89 %	27,34 %	29,53 %
Konsolidert kjernekapitaldekning	27,27 %	27,82 %	29,92 %
Konsolidert ansvarleg kapitaldekning	27,76 %	28,40 %	30,40 %
Konsolidert uvekta kjernekapital	12,20 %	11,77 %	13,32 %
Banken sine kapitalkrav			
Minstekrav rein kjernekapital	4,50 %	4,50 %	4,50 %
Bevaringsbuffer	2,50 %	2,50 %	2,50 %
Systemrisikobuffer	4,50 %	4,50 %	4,50 %
Motsyklisk buffer	2,50 %	2,50 %	2,50 %
Krav til rein kjernekapital	14,00 %	14,00 %	14,00 %
Krav til kjernekapitaldekning	15,50 %	15,50 %	15,50 %
Krav til kapitaldekning	17,50 %	17,50 %	17,50 %
Pilar 2 krav	2,10 %	2,10 %	2,10 %

Banken sine kapitalmål

Banken har fått fastsett pilar 2-krav frå Finanstilsynet på 2,1%. Sett i samanheng med forventa finansiell utvikling, regulatoriske kapitalkrav og marknaden sin forventning, har styret fastsett mål for rein kjernekapital, kjernekapital, ansvarleg kapital på konsolidert nivå. Styret har vedteke følgjande kapitalmål på konsolidert nivå:

	31.12.26
KAPITALMÅL KONSOLIDERT	
Mål for rein kjernekapitaldekning	18,1 %
Mål for kjernekapitaldekning	19,6 %
Mål for kapitaldekning	21,6 %